



## NASJONALPARKSTYRET FOR JOSTEDALSBREEN

Til adressatar i følgje liste

Sakshandsamar: Tom Dybwad  
Telefon: 57643123  
E-post: fmsftd@fylkesmannen.no

Vår dato  
24.06.2011  
Dykkar dato

Vår referanse  
2011/1783 -  
Dykkar referanse

### **Jostedalsbreen nasjonalpark - referat frå møte i nasjonalparkstyret 9.-10. juni 2011**

**Under følgjer referat frå møtet i Nasjonalparkstyret 9.-10. juni 2011.**

Nasjonalparkstyret var torsdag 9. juni før møtet starta på besøk på Norsk Bremuseum og på synfaring i Bøyadalen og i Supphelledalen.

### **Møte i Nasjonalparkstyret for Jostedalsbreen nasjonalpark torsdag 9.-fredag 10. juni 2011**

**Stad: Mundal Hotell, 6893 Fjærland**

Til stades frå styret:

*Torodd Urnes, Luster, Johan Berge, Stryn; Gunnvor A.Sunde, fylkeskommunen; Einar Målsnes, Balestrand; Gerd Dvergsdal, Jølster; Eline Orheim, Sogndal (berre fredagen) og Per Jarle Myklebust, Gloppen (berre fredagen).*

Andre deltakarar:

*Tom Dybwad, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (sekretær); Anne Rudsengen, Statens naturoppsyn*

#### **Sakliste:**

##### **Sak 10-2011**

Referat frå møtet i nasjonalparkstyret 1.02. 2011 (sendt medlemmane tidlegare)  
*Godkjent. Berre leiar skriv under.*

##### **Sak 11-2011**

Referat frå møte i AU i nasjonalparkstyret 10.05.2011 (sjå eige vedlegg)  
*Godkjent.*

##### **Sak 12-2011**

Tilsetting av nasjonalparkforvaltar (orienteringssak).

Maria Knagenhjelm er tilsett som nasjonalparkforvaltar.

### **Sak 13-2011**

Val av vararepresentar til AU.

*Vedtak:*

*Gunnvor A. Sunde er første vararepresentant.*

*Einar Målsnes er andre vararepresentant.*

### **Sak 25-2011 (2011/2384)**

Søknad om lavtflyging over Jostedalsbreen i samband med filmopptak for TV-program (saka vart handsama torsdag 9. juni)

*Vedtak:*

*Styret sluttar seg til innstillinga.*

### **Sak 14-2011**

Samansetjing av fagleg rådgivande utval

Styret må kome fram til kva for organisasjonar/etatar som bør vere representerte i rådgivande utval.

Aktuelle er m.a. organisasjonar som representerer friluftsliv, landbruk, reiseliv, naturvern, nasjonalparksentra.

*Vedtak:*

*Nasjonalparkstyret oppmodar følgjande sju institusjonar/miljø om å oppnemne ein person til utvalet:*

- *Dei tre nasjonalparksentra kring Jostedalsbreen nasjonalpark (Breheimsenteret, Bremuseet og Nasjonalparksenteret)*
- *Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane*
- *Sogn og Fjordane Turlag*
- *Sogn og Fjordane Bondelag*
- *Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag*
- *Reiselivslaga (destinasjonsselskapa) i fylket knytt til Jostedalsbreen nasjonalpark (Reisemål Stryn og Nordfjord, Reisemål Sunnfjord, Reisemål Sogndal og Luster og Fjærland Reiselivslag)*
- *Forskningsmiljø (t.d. klima/geografi/geologi i Bergen (Høgskulen i Sogn og Fjordane, Universitetet i Bergen)*

*Nasjonalparkstyret meiner ein kan eventuelt supplere eller endre samanstillinga av det fagleg rådgjevande utvalet ved eit seinare høve.*

### **Sak 15-2011**

Oppretting av administrativt kontaktutval.

Skal det vere dei same personane som går fram av vedlegg 1 i Årsmeldinga 2010 for Jostedalsbreen nasjonalpark?

*Vedtak:*

*Dei same administrative personane som går fram av Årsmeldinga 2010. Førde kommune må oppmodast om å oppnemne ein person sidan dei ikkje har nokon.*

**Sak 16-2011**

Kompetanseprogram hausten 2011, dvs. for det nye styret?

Vedtak:

*Ein ventar med kompetanseprogrammet til det nye styret er på plass etter kommunestyrevalet til hausten.*

**Sak 17-2011**

Forvaltning 2010 – Årsmelding (utkast sendt medlemmane tidlegare, skal godkjennast av nasjonalparkstyret)

Godkjent**Sak 18-2011**

Forvaltning 2011 – aktuelle tiltak

*Tom Dybwad og Anne Rudsengen orienterte. Det vart vist bilete frå ulike tiltak som er utført og område der nye tiltak skal utførast eller vidareførast.*

*Tiltak er bestemt gjennom bestillingsdialogen for 2011.*

**Sak 19-2011 (2011/1569)**

Søknad frå NTNU om løyve til tiltak i samband med feltarbeid (sjå vedlegg)

Vedtak:

*Styret sluttar seg til innstillinga.*

**Sak 20-2011 (2008/3377)**

Søknad om tiltak i Skålastiprosjektet (sjå vedlegg)

Vedtak:

*Styret sluttar seg til innstillinga.*

*Framhald møte fredag 10.juni:*

**Sak 21-2011 (2011/1508)**

Søknad om restaurering av stølshus (sjå vedlegg)

Vedtak:

*Styret sluttar seg til innstillinga.*

**Sak 22-2011 (2011/830)**

Søknad om tilskot til restaurering av Vetledalshytta (sjå vedlegg)

Vedtak:

*Styret sluttar seg til innstillinga.*

**Sak 23-2011 (2011/2363)**

Søknad om tilskot kunstprosjekt (sjå vedlegg)

Vedtak:

*Styret sluttar seg til innstillinga*

**Sak 24-2011 (2011/2155)**

Søknad om helikoptertransport av person til Sunndalssætra

Vedtak:

*Styret sluttar seg til innstillinga, men sette tillegsvilkår*

### **Sak 26-2011**

Utfordringar 2012 og framover (drøftingssak)

*Det vart oppfordra til markeringar i samband med at Jostedalsbreen nasjonalpark har 20 års jubileum i år. Dato for oppretting var 25.oktober 1991. Nasjonalparken vart opna 16.juni 1992 med to arrangement på kvar side av breen. Nasjonalparkstyret ber om at det blir laga til eitt arrangement (seminar) 24. oktober med påfølgjande møte i styret den 25. oktober. Det bør òg vere eit eller fleire arrangement i juni 2012.*

### **Sak 27-2011**

Neste møte i Nasjonalparkstyret

*Vedtak:*

*Neste møte i styret blir 1.september 2011, truleg på Skei.*

### **Sak 28-2011**

Eventuelt

*Ingen saker.*

## **Dispensasjonssaker (sak 19-25 -2011)**

### **Saksnr. 19-2011 (journalnr. 2011/1569)**

Søkjjar: NTNU v/Ivar Berthling, 7491, Trondheim

Oppsummering: Søknaden gjeld gjennomføring av forskingsprosjekt med formål å undersøke utviklinga av flomskredvifte. Til det trengst m.a. graving av inntil 10 jordprofilar 1,5 m djupe i rasvifte med jordprøver og å kutte nokre utvalde tre, i åra 2011 og 2012.

Heimel: Verneforskrifta for Jostedalsbreen NP pkt III, pkt IV 1.1 og 2.1 og § 48 i naturmangfaldlova som erstattar pkt. VI i verneforskrifta

Innstilling: Med vilkåra som blir lagt inn vurderer Fylkesmannen at nytten er større enn inngrepa, slik at det bør gjevast løyve.

Vedtak:

Styret sluttar seg til innstillinga inkludert vilkår.

### **Saksnr. 20-2011 (journalnr. 2008/3377)**

Søkjjar: Statens naturoppsyn v/ Skålastiprosjektet, att. Utmarskservice AS 6791 Oldedal

Oppsummering: Søknaden gjeld vidareføring av Skålastiprosjektet på ei ny strekning, med steinsetting av sti, helikopterfrakt av stein og bruk av gravemaskin. Ein brakkeleir vil bli sett opp i arbeidsperioden.

Heimel: Verneforskrifta for Jostedalsbreen NP pkt. III, pkt IV, 1.1, 1.2, 1.3, 4,1, pkt. V og § 48 i naturmangfaldlova som erstattar pkt. VI i verneforskrifta

Innstilling: Det blir gjeve løyve til gjennomføring av Skålastiprosjektet inkludert motorferdsel på dei vilkåra som går fram av saksutgreiinga.

Vedtak:

Styret sluttar seg til innstillinga inkludert vilkår.

**Saksnr. 21-2011 (journalnr. 2011/1508)**

Søkjær: Egil Erdal, 6799 Oppstryn

Oppsummering: Søknaden gjeld restaurering av stølshus (steinsel) med gjenoppbygging av vedskjul på eine langveggen, og søknad om tilskot til restaureringa, som har kostnadsoverslag på kr. 112 187,-. Søkjær har tidlegare fått løyve til helikopterfrakt av materialar.

Heimel: Verneforskrifta for Jostedalsbreen NP pkt. IV, 1.1, 1.2 og 1.3

Innstilling: Det blir gjeve løyve til tiltaket som omsøkt på vilkår som går fram av saksutgreiinga, og eit tilskot på kr. 10 000,- til restaurering.

Vedtak:

Styret sluttar seg til innstillinga inkludert vilkår.

Til orientering: Kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune skriv i eit brev av 07.06.2011 (motteke 14.06.2011) at dei har ikkje merknader, men tilrår at det blir lagt vekt på lokal byggeskikk.

**Saksnr. 22-2011 (journalnr. 2011/830)**

Søkjær: Indre Nordfjord Turlag, att Per Jakob Kyrkjeeide, 6783 Stryn

Oppsummering: Det blir søkt om tilskot til restaurering av laget si hytte på Vetledalseter. Arbeidet har eit kostnadsoverslag på kr. 77403,-. Søkjær har tidlegare fått løyve til helikopterfrakt av materialar

Heimel: Forvaltningsplan for Jostedalsbreen NP og Skjøtselsplan for stryngedalane

Innstilling: Det blir gjeve tilskot på kr. 10 000,- til restaureringa.

Vedtak:

Styret sluttar seg til innstillinga.

**Saksnr. 23-2011 (journalnr. 2011/2363)**

Søkjær: May Elin Bjerck, 6847 Vassenden

Oppsummering: Søknaden gjeld støtte til eit kunstprosjekt som skal plasserast ein stad i Lundadalen nedafor grensa for nasjonalparken. Prosjektet er tenkt å gå over to år, 2011 og 2012, og knyter seg til Jostedalsbreen.

Heimel: -

Innstilling: Det blir gjeve eit tilskot på kr. 5 000,- til prosjektet.

Vedtak:

Styret sluttar seg til innstillinga.

**Saksnr. 24-2011 (journalnr. 2011/2155)**

Søkjær: Sverre Guddal, 6798 Hjelledalen

Oppsummering: Søknaden gjeld helikoptertransport av søkjaren sin far som er 86 år gamal og har særleg tilknytning til Sunndalssetra, inn til setra for at han skal få oppleve denne ein siste gong i 4-5 dagar, helst i juli i år.

Heimel: Verneforskrifta for Jostedalsbreen NP pkt. III, pkt IV, 4.1 og pkt. VI (som er erstatta av naturmangfaldlova § 48).

Innstilling: Det blir gjeve løyve til helikoptertransport to kvardagar høvesvis inn og ut i juli 2011 til Sunndalssætra, på vilkår som går fram av saksutgreiinga.

Vedtak:

Styret sluttar seg til innstillinga. Styret har særleg lagt vekt på at det er viktig å få dokumentert rettar og bruk på setra frå ein person med særleg tilknytning og kunnskap om dette, slik at løyvet må sjåast som ei eingongshending. Styret set følgjande vilkår for løyve, i tillegg til i vilkår som går fram av framlegget til vedtak:

Nasjonalparkstyret skal ved sekretæren få tilsendt ein rapport med dokumentasjon av rettar og bruk på Sunndalssætra, med m.a. nedteikning av gnr/bnr for bygningar og tufter på stølen.

**Saksnr. 25-2011 (journalnr. 2011/2384)**

Søkjjar: LCC Event v/ Lene Christiansen

Oppsummering: Søknaden gjelder lavtflyging med helikopter i samband med filming for TV-program av turgruppe som skal trene for tur til Sydpolen ved å gå Jostedalsbreen på langs.

Heimel: Verneforskrifta for Jostedalsbreen NP pkt. III, pkt IV, 4.1 og pkt. VI (som er erstatta av naturmangfaldlova § 48).

Innstilling: Det blir gjeve løyve til lavtflyging over 1 time om dagen 8. og 9. juni på vilkår som går fram av saksutgreiinga.

Vedtak:

Styret sluttar seg til innstillinga.

Sak 19-2011

## **Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til tiltak i samband med feltarbeid for mastergrad**

**Nasjonalparkstyret for Jostedalsbreen har i møte 9.-10.06.2011, sak 2011/1569 gitt løyve til tiltak i samband med feltarbeid for mastergrad som omsøkt. Det er gitt vilkår for tiltaket, og det er anledning til å klage på vedtaket.**

Dokument i saka

- Søknad datert 04.04.2011, med flyfoto

Søknaden blir vurdert etter

- Forskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfoldloven av 19. juni 2009

### **Saksframlegg**

Søknaden gjelder et mastergradsprosjekt ved student Fredrik Eide ([fredere@stud.ntnu.no](mailto:fredere@stud.ntnu.no), tlf 45427627), som arbeider under førsteamanuensis Ivar Berthling. Prosjektet har som formål å undersøke den temporale utviklingen av en flomskredvifte nedenfor Tomefjellet i Erdalen, spesielt knyttet til landskapsrespons etter "Den lille istida". I et vedlagt bilde fra Norgebilder er feltområdet (UTM 32 N 6857787 Ø 408846) avmerket med rød ellipse, og delt i V=Vifte og K=Kildeområde.

Feltarbeidet vil bestå av følgende arbeidsoppgaver/undersøkelser:

- Graving av profiler (i følge Fredrik Eide på tlf. 19.05.2011 inntil 10 stk. profiler på inntil 1,5 m dybde.) for å undersøke avsetningene som flomskredene stammer fra, uttak av små jordprøver for labb-analyse (ca 1 kg), og datering av avsetningenes alder vha lichenometri (måling av størrelse på lav).
- Kartlegging av flomskredbaner på vifta.
- Kartlegging av viftas oppbygning ved hjelp av georadarundersøkelser og grunne snitt.
- Datering av flomskredavsetninger og andre avsetninger på vifta vha lichenometri og eventuelt Schmidt hammer (forvittringsgrad).
- Datering av flomskredhendelser vha dendrokronologi.
- Datering av flomskredhendelser vha karbondatering.

De to aspektene som kan være problematiske i forhold til vernebestemmelsene, er knyttet til graving av snitt og til dendrokronologi. Dere vil bare grave grunne snitt med feltspade. I kildeområdet er prosessene så aktive at snitt neppe vil gjenkjennes i ettertid. Dette vil i stor grad gjelde på vifta også, men dere vil i tillegg gjerne grave noen snitt i overgangen mellom vifte og elveslette der finmaterialet etter flomskred avsettes. Her vil det kunne være mulig å finne sekvenser der eldre jordsmonn er begravd, noe som gir grunnlag for karbondatering av hendelser. Snitt graves ved å fjerne eventuelt vegetasjonsdekke forsiktig og ta vare på dette. Utgravd materiale legges på presenning, slik at snittene kan fylles helt igjen og vegetasjon kan legges på plass til slutt. Det vil normalt bli neglisjerbare spor etter slike undersøkelser. For dendrokronologi kan det være behov for å kutte noen utvalgte trær ned for hånd. Dette gir grunnlag for å ta ut plater fra trærne, slik at hele treringstrukturen kan analyseres. Det er da mulig å tolke skader på trær, noe som også gir informasjon om tidspunkt for flomskredhendelser. Det planlegges også å ta ut noen kjerner fra trær for normal aldersbestemmelse av trærne; dette gir ingen synlige inngrep.

Mastergradstudent Frederik Eide vil gjennomføre prosjektet, og Ivar Berthling vil også delta i noen grad. Feltarbeidet vil starte sommeren 2011 etter at fonnene har gått, og vil pågå ut over høsten. Arbeidet i kildeområdet forutsetter at det ikke er stor steinsprangaktivitet i fjellet. Masterprosjektet

planlegges fullført juni 2012. Dere bidrar gjerne med å gjøre våre resultater tilgjengelige for forvaltning og publikum.

### **Verneforskrift og verneformål**

Søknaden må vurderes etter verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark og naturmangfoldloven §§ 8-12.

I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep, m.a. graving og påfylling av masse, sprenging og boring (verneforskrifta pkt. IV, 1.1). Vegetasjonen er verna mot all slags skade og ødelegging (verneforskrifta pkt. IV, 2.1). Søknaden må vurderes etter § 48 i naturmangfoldloven som erstatter pkt. VI i verneforskrifta om generell dispensasjonshjemmel. Etter naturmangfoldloven § 48 kan forvaltningsmyndigheten gjøre unntak frå et vernevedtak "*dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig.*"

Verneformålet (verneforskrifta pkt. III) med Jostedalsbreen nasjonalpark er:

*å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentleg naturleg tilstand.*

*å gje ålmenta høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv, som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.*

*å verne om kulturminne og kulturlandskap.*

### **Vurdering**

Fylkesmannen vurderer at det omsøkte prosjektet som svært interessant, og at det vil kunne gi nyttig kunnskap om den kvartærgeologiske historien og vegetasjonsutviklinga omkring Jostedalsbreen. Dette er kunnskap som i dag har flere mangler.

Fylkesmannen må vurdere om nytten av forskningen veier opp inngrepet som forskningsarbeidet innebærer. I så måte er det graving av mange snitt der det ikke er inngrep fra før, som skredavsetninger, som utgjør det vanskeligste punktet. Det mest alvorlige inngrepet er således graving av inntil 10 stk. profiler på inntil 1,5 m dybde. Forutsetningen for at det skal kunne aksepteres, er at den utgravde massen blir lagt tilbake, med de øverste steinene tilbake øverst, med samme side opp, og at vegetasjonen i størst mulig grad blir tilbakeført så langt det går. Dette for at graving av profiler skal vises minst mulig etterpå. De andre tiltakene det blir søkt om å gjennomføre forskningsprosjektet vurderer vi som små, bl.a. hogst av noen utvalgte trær, så lenge trærne hogges spredt, og det ikke gjelder store og markerte trær. Uttak av kjerner fra noen få trær for aldersbestemmelse mener vi ikke er problematisk.

Vi vurderer søknaden slik etter §§ 8-12 i naturmangfoldloven:

**§ 8 kunnskapsgrunnlag:** Fylkesmannen meiner vi har et relativt godt kunnskapsgrunnlag i denne saken, men forskningsprosjektet vil kunne gi betre kunnskap om kvartærgeologisk historie og vegetasjonsutvikling i Erdalen og nasjonalparken

**§ 9 føre-var-prinsippet:** Kunnskapsgrunnlaget for å kunne vurdere saken forsvarlig er etter vårt skjønn godt nok i denne saka. Det er viktig at inngrepene det blir søkt om er avgrensa slik at en kan være sikker på at nytten er vurderes som klart større enn inngrepa som gjøres.

**§ 10 økosystemtilnærming og samla belastning:** Dersom omfanget av inngrep holdes så lavt som mulig mener vi at samlet belastning ikke vil bli for stor i området. Dette er viktig, for Erdalen er et viktig og populært forskningsområde innen kvartærgeologi og vegetasjonsutvikling. Hogst av noen trær som ikke utmerker seg ved størrelse og alder vil etter vårt syn ikke ha innvirkning på økosystemet i området.



§ 11 kostnadene ved miljøforringing skal bæres av tiltakshaver: Tiltaket er ikke ventet å forringe miljøet siden utgravde profiler vil bli reparert. Men tiltakshaver må bære kostnadene ved å rette opp skader etter inngrep som skyldes graving og lignende.

§ 12 miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Det er viktig at inngrep blir gjort og reparert for hånd slik søkeren legger opp til

Alt i alt vurderer fylkesmannen at, slik prosjektet nå er lagt opp og med de vilkårene som blir lagt inn, at nytten er større enn inngrepet som forskningsprosjektet medfører. Fylkesmannen ser positivt på at forskningsresultatene vil bli tilgjengelige for forvaltning og publikum. Vi nyter anledningen til å nevne at det er 3 autoriserte nasjonalparksentre omkring Jostedalsskogen nasjonalpark som kan være aktuelle formidlere av forskningsresultatene.

#### **FRAMLEGG TIL VEDTAK** (frå sekretariatet v/ Fylkesmannen i Sogn og Fjordane)

Sekretariatet v/ Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har følgende framlegg til vedtak på bakgrunn av det som er sagt over.

Det blir gitt løyve til gjennomføring av forskningsprosjektet som omsøkt for åra 2011 og 2012.

Løyve blir gitt på vilkår av at

omfanget av inngrepa avgrensar seg til det som er strengt nødvendig ved all graving av profiler og inngrep i terreng og vegetasjon skal terrenget med steiner og vegetasjon så langt som praktisk mulig tilbakeføres til slik det var før. Det kan graves inntil 10 profiler på inntil 1,5 meter dybde på stedet som er vist på flyfoto, inkludert uttak av jordprøver.

Vi gjør oppmerksom på at grunneier må gi tillatelse til de omsøkte tiltakene før de blir satt i gang.

#### **VEDTAK**

Nasjonalparkstyret slutta seg enstemmig til innstillinga om å gi løyve til tiltaket som omsøkt, på de vilkår som går fram av framlegget til vedtak.

#### **KLAGE**

Avgjørelsene i dette brevet kan påklages av alle som har rettslig klageinteresse i saka i medhold av forvaltningsloven § 28. Klage skal være framsatt skriftlig innen tre uker etter at dette brevet er mottatt. Klagen skal stiles til Direktoratet for naturforvaltning og sendes til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane som for tida er sekretær.

## Sak 20-2011

### Jostedalsbreen nasjonalpark - Skålastiprosjektet, søknad tiltak Skåla 2011

Nasjonalparkstyret for Jostedalsbreen har i møte 9.-10.06.2011, sak 2008/3377 gjeve løyve til gjennomføring av Skålastiprosjektet i 2011 som omsøkt. Det er sett vilkår for løyvet, og det er høve til klage på vedtaket.

#### Dokument i saka

- Søknad datert 29.04.2011, med vedlegg (kart og prosjektpresentasjon)

#### Søknaden vert vurdert etter

- Forskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark av 25.10.1991, endra 18. juni 1998
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

### Saksframlegg

#### Bakgrunn

Denne søknaden gjeld ei vidareføring av "Skålastiprosjektet" som starta opp i 2008 og vidareført i 2009 og 2010. Bakgrunn og vurdering er soleis mykje den same som Fylkesmannen gjorde i breva av 30.7.2008, 30.06.2009 og 14.06.2010. Skålatårnet (Kloumanns tårn) og stien opp til dette har verdi både som kulturminne og som del av infrastrukturen for friluftslivet i Jostedalsbreen nasjonalpark. Stien er i dag prega av forfall, slitasje og erosjon, dels på grunn av alder og naturprosessar, dels på grunn av auka bruk til friluftsliv, ikkje minst det populære motbakkeløpet "Skåla Opp". Vedlikehald av slike viktige stiar i nasjonalparkar vert normalt rekna som skjøtselstiltak som forvaltingsstyresmakta (Fylkesmannen) sjølv set i verk som ein del av oppfyllinga av verneføremålet, gjerne med hjelp av Statens Naturoppsyn (SNO). I dette tilfellet gjer terrengtilhøve og avstandar at det trengst omfattande bruk av helikopter til transport av stein, og etablering av eit mellombels anleggsområde, for å kunne gjennomføre tiltaket på ein rasjonell måte. Det er altså trong for aktivitetar som i seg sjølve ikkje er ønskte i nasjonalparken, og som kan vekke negative reaksjonar.

Mellom anna kan det vere ein diskusjon om kor mykje av slitasjen som kan tilbakeførast til motbakkeløpet (altså ei idrettstilstelling Fylkesmannen har gjeve løyve til) og ferdsla til Skålatårnet, og kor mykje som skuldast naturlege prosessar. Meir generelt kan det vere ein diskusjon om vektlegging av kultur i høve til natur i ein nasjonalpark. Konsentrasjon av både maskiner og personell over ei viss tid inneber dessutan ein potensiell fare for ureining.

Fylkesmannen er oppteken av at allmenta skal ha høve til innsyn i korleis verneområde vert forvalta. Spesielt viktig er dette i saker der det kan vere ulike meiningar om kva som er best for verneområdet. Innsynet vert normalt sikra gjennom at alle dispensasjonsvedtak er offentlege dokument som det er knytt klagerett til. Anleis er det når det er forvaltningsstyresmakta som er tiltakshavaren. "Skålastiprosjektet" er utarbeidd i nært samarbeid mellom Fylkesmannen, Statens Naturoppsyn og lokale interessentar. Staten var/er største bidragsytar til budsjettet i 2009, 2010 og 2011, men det er og private aktørar som bidreg med ein del. Slik prosjektet er organisert, er Anne Rudsengen, SNO, prosjektansvarleg, medan Ole Runar Aabrekk (tenestekjøp SNO), er prosjektleiar. I styringsgruppa er også Fylkesmannen representert, ved sida av m.a. Reisemål Stryn & Nordfjord, Hotel Alexandra, Bergen Turlag, Stryn kommune, "Skåla Opp" og grunneigarane. For å fremje offentleg innsyn og unngå inntrykk av forskjellshandsaming, har Fylkesmannen og lokalt SNO i denne saka vorte samde om at det vert fremja formell søknad til Fylkesmannen, for handsaming som ordinær dispensasjonssak. I og med at SNO har prosjektansvaret, har vi valt å rekne SNO som tiltakshavaren gjennom Skålastiprosjektet.

## **Søknaden**

Skålastiprosjektet v/prosjektleder Ole Runar Aabrekk har 29.4.2011 sendt søknad til med eit oversyn over tiltak som er planlagde i 2011, der målet er å leggje om lag 275 meter sti i området mot Skålatårnet frå om lag 740 moh til 800 moh, dvs. der ein avslutta prosjektet i 2009. Denne strekninga går over eit område med lausmasse og er i dag sterkt prega av slitasje. Arbeidet i 2010 vert lagt opp etter same mal som tidlegare år, og er planlagt å starte ein gong like etter 15. juni i år då det skal vere synfaring i området, truleg i veke 25. Grundigare omtale med illustrasjonar er å finne i forprosjektskisse november 2006 og i prosjektpresentasjon 2011, som er vedlagd søknaden.

Gjennomføringa krev at det vert transportert inn både den store spesial gravemaskin, diesel og straumaggregat, m.m. Alle flytande stoff skal vere i godkjende behaldarar for å unngå uønskte utslipp i nasjonalparken. Dei som skal gjere skjøtselsarbeidet skal bu i fjellet frå sundag til fredag, og det trengst såleis både vogner for innkvartering, og tett renovasjonssystem i form av ein 1000 liters plasttank. Gjennomføringa krev også transport av stein i form av 150 storsekkar med stein opptil 950 kg kvar. Utflyging vil skje frå den best eigna staden slik at avstanden vert så kort som mogleg. Det skal gjennomførast eit stort arbeid i 2010 med eit budsjett på kr. 1,8 mill. Planen er å vidareføre prosjektet i 2012 og om naudsynt noko etterarbeid i 2013. Stiltaka og aktiviteten som det er søkt løyve for i 2011 er som følgjer:

### *Helikopteraktivitet*

Det er rekna at det trengst inntil 150 helikopterløft for å få steinen opp, à inntil ca 950 kg/hiv. Vidare trengst transportert av materiell og letthus, dieseltank og anna som er naudsynt for gjennomføring, både opp og ned att. Steintransporten opp er tenkt gjort i to omgangar der ein tek med seg om lag 1/3 av sekkane først og tek resten seinare basert på erfaringar frå den første omgangen med helikopterfrakt av stein. I alt er helikoptertransporten såpass omfattande at den truleg vil utgjere ca 40 timar over 7 dagar. Bruken av helikopter er konsentrert til enkelte dagar for å unngå helikopterstøy over fleire dagar enn naudsynt. Det kan også oppstå situasjonar som gjer naudsynt med fleire hiv dersom ein får maskinskade eller anna driftsstans. Val av dagar må rette seg etter ver og vindtilhøve. Alt materiell og utstyr skal fraktast ned etterpå, slik at det ikkje ligg noko att i fjellet når arbeidet er ferdig. Det skal takast omsyn til folk i fjellet og husdyr på beite. Flyging av stein vil føregå frå lagerplassen ved Breng i Lodalen, og flyging av anna utstyr i all hovudsak frå Tjugen.

### *Gravemaskin i 2011*

Maskina vil vere av typen Euromach 2500 eller liknande. Denne har hydraulikkolje som er organisk og det vil soleis ikkje føre til miljøutslipp ved ev. slangebrot. Dieselfylling av maskin skjer med 20 liter kanne som ein fyller kvar dag frå ein 850 liters dieseltank stasjonert i brakkeriggen. Gravemaskina blir delt i fire delar og montert i fjellet med hjelp av helikopteret. Smøring av maskina skjer ved hjelp av ei presse.

### *Brakkerigg*

Brakkeriggen vil bestå av tre letthus og ei campingvogn. Dette skal dekke opp behovet for overnatting ein har i prosjektperioden. Eit letthus er til å sove i, eit til tørking av kle og oppbevaring av utstyr, og eit litt letthus med dusj/WC og kjøkenkrok. Brakkerigg vert plassert på ca 750 moh ved starten av planlagt stiparsell som skal utbetrast i 2010. Vatn vil bli henta frå elva. Kloakk bli samla opp i 1000 liter tank og transportert ned ved prosjektslutt og tømt av Miljøservice. Det vil bli nytta solceller og bensindrivne straumaggregat som straumkjelde til brakkeriggen. Aspen miljøbensin skal nyttast som drivstoff til aggregat. Brakkeriggen er planlagt plassert i nedre del av stiparsellen som skal utbetrast i 2010 (vert endeleg avgjort på synfaring 21. juni i år.

### *Diesel*

Det vil bli transportert opp ein 850 liters dieseltank som skal dekke behovet for drivstoff til gravemaskina. Det skal monterast på påfylling som hindrar utslepp av diesel i terrenget rundt tanken. Tanken bli plassert i brakkerigg ca. halvvegs opp i stiparsellen som er planlagt utbetra.

#### *Mannskap*

Det som skal gjennomføre arbeidet er ein maskinførar pluss ein hjelpesmann/steinleggar som også kan køyre maskina, og 3 sherpaer frå Nepal med spesialkompetanse på steinsetting av sti. I tillegg vil ein maskinteknikar montere og hjelpe til med det maskinelle utstyret når det er trong for det. Prosjektleiari og prosjektansvarleg vil også vere ein del i fjellet for å setje i gang og hjelpe til med det praktiske arbeidet. I tillegg er det aktuelt med noko ekstern bistand frå SNO, og det vil bli gjennomført ein stor dugnad lengre oppe på stien søndag 31. juli.

#### *Tidsperspektiv*

Opplasting av stein april/mai

Arbeid i fjellet juni – juli til ca. 20. august

Avslutning med opprydding om lag midt i august

#### *Metode*

Malen for korleis arbeidet med Skålastien skal utførast og sjå ut er henta gjennom studium av liknaden tiltak på Besseggen og Snowdonia i Wales. Dreneringssystem for vatn og revegetering er suksessfaktorar for at ein skal lukkast med målsetjingane ein har for prosjektet. Fagkompetanse på steinhandtering både med maskin og handemakt er med å kvalitetssikre sluttproduktet. SNO har det overordna oppsyn med at verneføremålet og verneføreskriftene bli ivaretekne til ei kvar tid.

Stiprosjektet vil totalt gå over fleire år, slik at arbeidet 2011 utgjer ein del av totalomfanget av prosjektet. Vonleg vil prosjektet kunne avsluttast i 2012, kanskje med noko mindre sluttarbeid (for hand) i 2013. Sjølv aktiviteten i år vil i korte trekk vere:

steinsetting og/eller reparasjon inkludert revegetering av eksisterande sti frå om lag 740 moh til 800 moh som truleg er så langt ressursane rekk denne sesongen, truleg opptil 275 m lengde. Dette vil skje med spesialmaskin og for hand for bratt og ulendt terreng, planlagt perioden juni – august. Spesialmaskina skal nyttast til å leggje til rette store steinar (mure opp sti). Dels gjeld dette istandsetjing av eksisterande sti der dei tidlegare oppmura steinane over tid har sige ut eller vorte overlagra med masse etc., slik at stien har vorte utydeleg og ferdsle i dag går meir spreidd på fleire trakk. Det vil og bli reparert og laga stikkrenner for hand alle stader på stien der det syner seg naudsynt.

Det vil bli gjennomført ein dugnad på stien av bygdefolket i Loen, med spett, slegge og spade, truleg 30. juli og kanskje 31 juli.

I tillegg vert det søkt om bruk av helikopter for inntil 5 landingar i samband med opprydding og nedfrakt av det gamle taket på Skålatårnet som bles av for nokre år sidan, men som vart funne sommaren 2010.

#### **Heimelsgrunnlag**

Søknaden må vurderast etter verneforskrifta pkt. III, IV, 1.1, 1.2, 1.3, 4.1, pkt V og pkt. VI (som er erstatta av naturmangfaldlova § 48), og etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

I følgje verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, pkt. IV. 1.1 er landskapet verna ”*mot alle inngrep, mellom anna oppsetjing av bygningar, gjerde og anlegg, bygging av vegar, bergverksdrift, regulering av vassdrag, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, drenering og anna form for tørrlegging, framføring av luft- og jordleidningar, nydyrking, bakkeplanering, nyplanting, bygging av bruer og klopper, merking av stigar og løyper o.l. Opplistinga er ikkje uttømmende. ...*”. I følgje pkt. IV.1.2 er dette likevel ikkje til hinder for m.a. ”*vedlikehald av eksisterande stiar og løyper med*

*bruer, klopper, vardar, merking, skilt og vegvisarar o.l. Forvaltningsstyresmakta kan nekte slikt vedlikehald når det av omsyn til føremålet med vernet er ønskjeleg å redusere ferdsla i einskilde område.”*

Verneforskrifta pkt. IV.1.3. seier vidare at *”Forvaltningsstyresmakta, eller den som får fullmakt til det kan når særlege grunnar ligg føre gje løyve til”* m.a. *”merking og rydding av nye stiar og løyper, og oppsetjing av skilt og vegvisarar”*.

Pkt.IV.4.1. seier at *”Motorferdsle på land og i vatn, også landing med luftfartøy, er forbode. Som landing reknast òg om eit luftfartøy hentar eller set av folk eller gods medan det står stille i lufta. Lågtflyging mindre enn 300 m over bakken er forbode.”*

Søknaden om helikoptertransport må handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova som erstattar pkt. VI i verneforskrifta. I naturmangfaldlova står det at *“forvaltningsmyndigheten kan gjere unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdien nevneverdig”*. Verneformålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er, i følge pkt. III:

*Forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjere unnatak frå verneregiane når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege granskingar og arbeid av vesentleg verdi for samfunnet, eller i andre særlege høve når dette ikkje strir mot føremålet med vernet.”*

Verneføremålet er, i følge pkt. III:

*”å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand”*.

*”å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging”*.

*”å verne om kulturminne og kulturlandskap”*.

I følge pkt. V kan *”Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt”* *”sette i verk tiltak for fremje føremålet med vernet”*.

## **Vurdering**

Fylkesmannen er godt kjend med Skålastiprosjektet gjennom møte og synfaringar kvart år, Siste møte var 15.05.2011, og det er planlagd synfaring 15. juni i år for å sjå på planlegginga av prosjektet i 2011.

Ferdselsveggar er som gamle bygningar verdfulle innslag i mange nasjonalparkar og andre verneområde. I mange tilfelle er dette interessante og attraktive kulturminne som også har stor praktisk nytteverdi som infrastruktur for friluftslivet. Skålatårnet (Kloumanstårnet), og den oppmura stien som høyrer til, er med den spesielle historikken sin eit godt døme på dette. Å ta vare på desse anlegga er såleis både kulturvern og tilrettelegging for friluftsliv. Skålastiprosjektet både vedlikehald og restaurering av sti, men også steinsetting av ei ny strekning med trappeteg i stein, noko som vart gjort i 2008 og vidareført i 2009 og 2010. Ut i frå eit mål om å ta vare på naturtilstanden er dette eit inngrep, medan det frå eit kultursynspunkt er ei vidareføring av eit arbeid som tidlegare er gjort, og såleis eit innslag som ikkje er framandt for området. Fylkesmannen meiner prosjektet oppfyller det allsidige verneføremålet (som femnar om både natur, kulturminne og kulturlandskap, og høve til friluftsliv) på ein god måte, då muringa er ei svært naturnær og naturvenleg tilrettelegging. Det er store slitasje og erosjonsskader og utrasing av steinmurar i stien slik den er i dag.

Fylkesmannen meiner tiltaket er så positivt for nasjonalparken at det rettferdigger den helikopteraktiviteten som trengst, og det mellombelse inngrepet som *”anleggsområdet”* vil utgjere. Resultatet av arbeidet i 2009 og 2010 er overbevisande: Etter at arbeidet var avslutta, var det knapt mogleg å sjå at det hadde vore gravemaskin i området hausten etter. Det ser og ut til at revegeteringa

har gått fint. Vi legg vekt på at alle som arbeider i området (både med transporten og sjøve skjøtselsarbeidet) må ha rutinar for å sikre mot ureining og forsøpling, ikkje minst med tanke på kva vêr og vind kan gjere om ein ikkje er budd.

Den breie samansetninga av styringsgruppa for prosjektet saman med den årlege dugnaden til bygdefolk, er uttrykk for kor stor interesse det er lokalt for gjennomføringa av tiltaka på stien til Skåla, og er eit godt utgangspunkt for laupande kvalitetssikring frå lokalkjende og viktige brukargrupper.

Tiltaket ligg svært nær det som kan definerast som ”*tiltak for å fremje verneføremålet*” og som forvaltingsstyresmakta kan setje i verk. Som dispensasjonssak utgjer det difor eit ”*særleg høve som ikkje er i strid med verneføremålet*”.

Det er positivt at det gamle taket på Skålatårnet blir fjerna når ein no har funne det att.

Vi vurderer søknaden etter naturmangfaldlova §§ 8-12 slik:

§ 8 kunnskapsgrunnlag: Vi meiner vi har god kunnskap om verknaden på naturmangfaldet i området gjennom røymsler frå gjennomføring av prosjektet tidlegare år (2009 og 2010). Vi ser ikkje skadeverknader på naturmangfaldet. Revegetering og opprydding har kvart år vore gjort på ein god måte. Vi meiner vi har god kunnskap om verknaden av motorferdsel (både helikoptertransport og bruk av gravemaskin) ut frå tidlegare gjevne løyve.

§ 9 føre-var-prinsippet: Skålastiprosjektet er langt på veg eit føre-var tiltak ved at eit viktig siktemål er unngå skader/slitasje på vegetasjon som følgje av trakk og vasserosjon som eksisterande ferdsl har skapt.

§ 10 økosystemtilnærming og samla belastning: Reparasjon av stien til Skålatårnet vil etter vårt syn føre til mindre miljøbelastning over tid. Det er i utgangspunktet viktig for forvaltningsstyresmaktene å ta omsyn til dei strenge reglane for motorferdsel. Vi meiner at omfanget av motorferdsel må akseptierast for å få gjennomført prosjektet, men dette er avhengig av at helikoptertransport må gjennomførast på avgrensa tal dagar.

§ 11 kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Skålastiprosjektet er planlagt med opprydding i etterkant. Helikoptertransport er ikkje venta å forringe miljøet utover den tida sjøve helikoptertransporten skjer.

§ 12 miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Skålastiprosjektet er godt planlagt, og vi er godt kjende med at prosjektet prioriterer å velje så miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar som er praktisk mogleg.

### **Framlegg til vedtak**

På bakgrunn av det som er sagt over, og med tilvising til verneforskrifta pkt. IV.1.3 og VI får Statens Naturoppsyn (SNO) v/Skålastiprosjektet med dette løyve til dei omsøkte sti-tiltaka, helikopterfrakt, motorferdsel med gravemaskin, og til etablering av mellombels anleggsområde med letthus, dieseltank og anna som er naudsynt for gjennomføringa, i samsvar med søknad og prosjektskildring. Det blir og gjeve løyve til inntil 5 turar for helikoptertransport i samband med det gamle taket til Skålatårnet.

Følgjande vilkår gjeld:

1. Helikopterflyginga skal gjennomførast innanfor 8 dagar for opptransport av stein og utstyr, og 2 dagar for nedtransport. Eventuelle uføresette ekstrahiv utover dette i feltperioden skal meldast til Fylkesmannen/SNO
2. Helikopterflyginga skal avgrense seg til det som er naudsynt for frakt av stein og utstyr, med maksimalt 155 turar i perioden frå utflygingsstaden til arbeidsområdet, og til staden der det gamle taket på Skålatårnet ligg.

3. Bruk av gravemaskin til arbeidet med stien skal skje så skånsamt som mogleg, og avgrense seg til det som er naudsynt for å gjennomføre arbeidet på ein god måte.
4. Så langt vêrtilhøva tillèt, skal flygedagane leggjast utanom helgar eller andre dagar med stor forventning av turgåarar.
5. Plasseringa av brakkerigg med campingvogn og tre letthus, tankar, maskiner og anna materiell skal skje på ein måte som set minst mogleg spor, slik at staden lèt seg greitt rydde og tilbakeføre til naturtilstanden når sesongen er slutt. Endeleg plassering vil bli avgjort på synfaring 15. juni i år, truleg nord aust for stien.
6. Det skal leggjast vekt på å unngå ureining og forsøpling, eller fare for dette.
7. Stien skal lagast til på ein måte som er naturtilpassa, med steinar som vert frakta opp, og som harmonerer med det som tidlegare er gjort, og slik at stien verkar til å leie ferdsla slik det er tenleg. Arbeidet skal gjennomførast på ein måte som ikkje set andre og uønskte spor i terrenget.
8. Revegetering skal skje på ein skånsam måte der ein tek vegetasjon på stader som ikkje fører til erosjon. Stadane skal ikkje vere synlig frå stien og dei skal ha god ettervekst slik at det gror fort til etter inngrep.
9. Det skal ryddast og stellast til etterpå, slik at arbeidet ikkje etterlèt varige spor ut over sjølve stien.
10. Løyvet gjeld månadene juni til og med september 2010.
11. Fylkesmannen kan, etter samråd med resten av styringsgruppa, gje utfyllande tilvisingar om gjennomføring og rapportering, dersom det syner seg ønskjeleg for å fremje verneføremålet, minimalisere belastning på nasjonalparken, eller å dokumentere tiltaka og verknadene av dei.

## **VEDTAK I NASJONALPARKSTYRET**

Nasjonalparkstyret for Jostedalbreen nasjonalpark slutta seg til framlegget til vedtak og gjorde i møte 10. juni 2011 samrøystes vedtak om å gi løyve til gjennomføring av Skålastiprosjektet i 2011 som omsøkt, på dei vilkåra som går fram av framlegget.

### **Klagerett m.m.**

Denne avgjerda kan klagast inn for Direktoratet for naturforvaltning av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse, med ein frist på 3 veker. Eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen, som også kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til å sjå saksdokument.

Vi minner om at vedtaket berre gjeld løyve etter naturvernlova, og at SNO v/Skålastiprosjektet såleis har ansvar for å innhente andre løyve og godkjenningar som måtte vere naudsynte.

## Sak 21-2011

### Jostedalsbreen nasjonalpark - restaurering av stølshus

Nasjonalparkstyret for Jostedalsbreen har i møte 09.-10.06.2011, sak 2011/1508 gjeve løyve til oppføring av vedskjul som tilbygg til steinselet som omsøkt. Det er gjeve vilkår for løyvet, og det er høve til å klage på vedtaket. Det blir også gjeve økonomisk støtte til tiltaket med kr. 10 000,-.

Dokument i saka:

- Søknad av 29.03.2011 med vedlegg inkludert teikningar

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova
- Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark (gjeld søknad om midlar)

#### Søknaden

Søknaden frå Egil Erdal gjeld oppattbygging av vedskjul som ein gong stod som tilbygg til steinselet på den eine langveggen. Steinselet vil nå bli restaurert (ikkje søknadspliktig). Det er lagt ved byggesøknad til Stryn kommune og teikningar av selet med vedskjulet som tilbygg. Vedskjulet har ei grunnflate på 4 m x 1,5 m, det er dør i den eine kortveggen, og tilbygget er utan vindauge. Vedskjulet er eit bygg med ståande trepanel, taket vil gå i flukt med taket på selet, og vil som resten av selet får torvtak.

Det blir også søkt om midlar til restaureringa, som med alt arbeid har eit kostnadsoveslag på kr. 112 187,50.

AU i nasjonalparkstyret har i møte 10.05.2011 gjeve løyve til helikopterfrakt av materialar til restaureringsarbeidet.

#### Heimelsgrunnlag

I nasjonalparken er landskapet verna mot alle inngrep, m.a. oppsetjing av bygningar (verneforskrifta pkt IV, 1.1). Vedlikehald av eksisterande bygningar er tillate, men ikkje nedrast, byggjast om eller utvidast (verneforskrifta pkt IV, 1.2). Forvaltningsstyresmakta kan når særlege grunnar ligg føre, gi løyve til å byggje, ombyggje, utvide eller endre bygningar. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggeskikk på staden og tilpassast landskapet i området (verneforskrifta pkt IV, 1.3).

Søknaden skal også vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

#### Vurdering

Selet som no blir restaurert er eit steinsel, og har med det særleg verdi for bygningsmiljøet i nasjonalparken og kring Jostedalsbreen. Fylkesmannen har ikkje innvendingar til oppattbygging av vedskjulet som har stått i tilknytning til selet tidlegare, og meiner det held seg til tradisjonell byggeskikk i området.

Naturmangfaldlova set krav om vurdering av det naturfaglege kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet, samla belastning og miljøforsvarlege teknikkar (§ 8-12). Ettersom dette gjeld eit tilbygg til eit eksisterande sel i eit stølsmiljø, kan vi ikkje sjå at økosystem og naturmangfald kan bli vesentleg påverka.



Fylkesmannen meiner restaurering av steinselet er så viktig at vi innstiller på at Nasjonalparkstyret støttar tiltaket med kr. 10 000 av skjøtselsmidlar til dei tre stryngedalane, i alt kr. 30 000,-. Dette vil vere i tråd med forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark.

#### **FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Sekretariatet for Jostedalsbreen nasjonalpark v/ Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har slikt framlegg til vedtak på bakgrunn av det som er sagt over:

Det blir gjeve løyve til oppføring av vedskjul som tilbygg til steinselet som omsøkt, jf teikningar vedlagt søknaden.

Løyvet er gjeve på vilkår av at teikningane som ligg ved søknaden blir følgt.

Det blir gjeve økonomisk stønad til prosjektet med kr. 10 000,-.

#### **VEDTAK**

Nasjonalparkstyret gjev løyve til tiltaket som omsøkt på dei vilkåra som går fram av framlegget til vedtak.

Nasjonalparkstyret støttar tiltaket med kr. 10 000,-, og bed om at sekretariatet får tilsendt kontonr. som midlane skal utbetalast til.

#### **Klage**

Avgjerdene i dette brevet kan klagast på av alle som har rettsleg klageinteresse i saka i medhald av forvaltningslova § 18. Klage skal vere sett fram skriftleg innan tre veker etter at dette brevet er motteke. Klagen skal stilast til Direktoratet for naturforvaltning og sendast til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane som for tida er sekretær for Nasjonalparkstyret.

## **Sak 22-2011**

### **Jostedalsbreen nasjonalpark - svar på søknad om midlar til å restaurere hytta på Vetledalsseter**

Nasjonalparkstyret for Jostedalsbreen har i møte 9.-10.06.2011, sak 2011/830 gjort vedtak om å støtte vedlikehald av hytta på Vetledalsseter med kr. 10 000,-.

Dokument i saka:

- Søknad som e-post av 17.01.2011

Søknaden blir vurdert etter:

- Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark

#### **Søknaden**

Indre Nordfjord Turlag søker i e-post av 17. januar 2011 om midlar til å restaurere/fornye hytta på Vetledalsseter. Vetledalsseter i Oppstryn er ei gamal seter med spor av bruk langt tilbake i tid. Det står att grunnmurar etter sel og fjøs som ikkje står der i dag, og nokre av dei som står der i dag er og sær gamle. Det vart drive stølsdrift med geiter fram til 1928, og kyr fram til 1954. Seinare har det vore dyr på beite utan at det har vore stølsdrift her.

Vetledalsseter har og vore utgangspunkt for turar over Jostedalsbreen. Hytta det er søkt om midlar til å restaurere, har vorte nytta i samband med breføring sidan ho vart sett opp i 1924, av Rasmus T. Greidung, som dreiv som breførar på ruta frå Greidung til Jostedal. Son til Rasmus, Tor (1919-1999), overtok garden etter far sin, og overtok samtidig ruta som breførar. DNT hadde avtale med han om bruk av hytta som sjølvbetjent hytte. Etter at Tor slutta å bruke hytta har det vore lite tilsyn og vedlikehald. Sommaren 2010 inngjekk Indre Nordfjord Turlag/DNT ein kontrakt med noverande eigar, Ragnar Greidung, om bruk av hytta. Vetledalshytta er eit ope tilbod til dei som treng det. Norges Geotekniske Institutt (NGI) har for tida eit 4-årig prosjekt gåande med målingar og registreringar, som trekk til seg mange studentar. Erdalen/Vetledalen er ein naturleg start- og endestasjon for turar på Jostedalsbreen, både på ski om våren og til fots gjennom sommaren.

Søklar peiker på at Vetledalshytta er ein del av kulturlandskapet som framhevar moglegheitene til å drive tradisjonelt friluftsliv. Ved å setje i stand Vetledalshytta vil staden få eit løft som kan få endå fleire ut på tur.

Vedlagt søknaden er eit budsjett for restaureringa på til saman kr 77 403,-.

#### **Vurdering**

Fylkesmannen vurderer restaurering av Vetledalshytta som eit positivt tiltak som vil styrke høvet til naturoppleving gjennom tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging. Det er positivt og viktig at hytta framleis vil vere tilgjengeleg til allmenn bruk gjennom DNT-systemet. Vetledalshytta har og ein lang og tradisjonsrik historie som det er viktig å ta vare på. Det vil såleis vere rett å nytte noko av midlane til skjøtsel i dei tre strykedalane på prosjektet (for 2011 i alt kr. 30 000,-).

Nasjonalparkstyret for Jostedalsbreen nasjonalpark gav 10.05.2011 løyve til helikopterfrakt av materialar til arbeidet på Vetledalsseterhytta.

#### **Framlegg til vedtak**

Framlegg til vedtak frå sekretariatet v/Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

Det blir gitt støtte til prosjektet med kr. 10 000,- av skjøtselsmidlane i Strynedalane.

### **VEDTAK**

Nasjonalparkstyret slutta seg samrøystes til framlegget til vedtak om å støtte vedlikehaldet av hytta på Vetledalseter med kr. 10 000,-.

Nasjonalparkstyret bed om at sekretariatet får tilsendt kontonr. som midlane skal utbetalast til.

## **Sak 23-2011**

### **Jostedalsbreen nasjonalpark - søknad om midlar til kunstprosjekt ved Lundedalen ved Jostedalsbreen**

Nasjonalparkstyret for Jostedalsbreen har i møte 9.-10.06 2011, sak 2011/2363 vedteke å støtte kunstprosjektet med kr. 5000,-.

Dokument i saka:

- Søknad motteke 04.05.2011
- E-post av 30.05.2011 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

Søknaden blir vurdert etter

- Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark

#### **Saksframlegg**

Søknaden gjeld støtte til eit kunstprosjekt som skal plasserast ein stad i Lundedalen nedafor grensa for nasjonalparken. Prosjektet er tenkt å gå over to år, 2011 og 2012.

Prosjektet er enno i planfasen, men inneheld følgjande element, dvs. (sitat) *“strukturer med ulike klimatiserende funksjoner skal installeres i landskapet.*

*1. vind/ shelter*

*2. tåke/ lys/ ly*

*3. vatn/ temperatur/ masse*

*Dere tar utgangspunkt i tre ulike ressursar på stedet; vind, tåke og vatn, og utvikler klimakammerprogram som forsterker opplevinga av disse. Posisjoner og plassering i landskapet skal forsterke ulike klimatiske sammenhenger.”*

Prosjektet har en kostnadsramme på kr. 1 004 080,-

Kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune har støtta prosjektet med kr. 50 000,-.

#### **Vurdering**

Fylkesmannen vurderer at sjølv om prosjektet er i planleggingsfasen, kan ein, sidan prosjektet knyter seg til Jostedalsbreen, støtte prosjektet med kr. 5 000,-.

#### **Framlegg til vedtak**

Kunstprosjektet vert støtta med kr. 5 000,-.

#### **Vedtak**

Nasjonalparkstyret slutta seg samrøystes til framlegget til vedtak, og vedtok å støtte kunstprosjektet med kr. 5000,-.

Nasjonalparkstyret v/ sekretariatet bed om å få tilsendt kontonr. for prosjektet slik at midlane kan overførast i år. Dersom kunstprosjektet av ein eller annan grunn ikkje blir gjennomført, kan styret krevje å få tilbakebetalt beløpet.

## Sak 24-2011

# Jostedalsbreen nasjonalpark - svar på søknad om helikoptertransport til Sunndalssætra

Nasjonalparkstyret for Jostedalsbreen har i møte 9.-10. juni 2011, sak 2011/2155 gjeve løyve til helikoptertransport til Sunndalssætra. Det er sett vilkår for løyvet, og det er høve til å klage på vedtaket.

Dokument i saka:

- Søknad motteke 18.05.2011

Søknaden vert vurdert etter

- Forskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

### Saksframlegg

Bakgrunnen for saka er at søkjar har eit ønskje om å få lov til å frakte sin gamle far, på 86 år fram til Sunndalssætra med helikopter i sommar. Bakgrunnen e at han har særleg tilknytning til sætra, då han har bygd opp selet dykkar der frå ein ruin til det den er i dag, og vore på stølen kvar sommar medan han kunne gå sjølv. Han har transportert alt material og det han trengte, på sine skuldrer. No er han så dårleg til beins at å gå fram på sætra, det klarer han ikkje lenger. Søknaden gjeld såleis løyve til å frakte Sigvard Guddal fram til Sunndalssætra med helikopter, slik at han kan få vere der i 4-5 dagar for så og bli henta heim med helikopter. I søknaden står det at tida rundt 23. juni er mest aktuell, men på tlf. 03.06.2011 med søkjaren får vi opplyst at mest aktuell tid er i første halvdel av juli, dvs. når det er både kyr og sauer der og sætra på mange måtar er på det finaste. Det går fram av søknaden at dette er Sigvard Guddal sitt høgste ønskje, og det ville gitt han så mykje å få oppleve sætra og livet der for ein siste gong.

### Verneforskrift og verneformål

Søknaden må vurderast etter verneforskrifta pkt. IV, 4.1 og pkt. VI (som er erstatta av naturmangfaldlova § 48), og etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

I Jostedalsbreen nasjonalpark er motorferdsel forbode, også landing med luftfartøy (verneforskrifta pkt. IV, 4.1). Søknaden om landing må handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova som erstattar pkt. VI i verneforskrifta. I naturmangfaldlova står det at *“forvaltningsmyndigheten kan gjere unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdien nevneverdig”*. Verneformålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er, i følgje pkt. III: *”å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand”*. *”å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging”*. *”å verne om kulturminne og kulturlandskap”*.

### Vurdering

I og med Sunndalssætra er stølsområde, er det frå tid til annan helikopterfrakt av materialar og utstyr til stølen. Vi meiner ein skal vere svært restriktiv med persontransport inn i Jostedalsbreen nasjonalpark og andre verneområde. Dersom ein skal gje eit slikt løyve må dette vere eit særleg tilfelle som ikkje skapar presedens.

Sigvard Guddal er sterkt knytt til Sunndalssætra gjennom eit langt liv som eigar og brukar av området. Gjennom eit langt liv har han bygd opp selet på sætra frå ein ruin til det den er i dag, og han har transportert alt material og det han hadde behov for på sine skuldrer.

Vi vurderer at for å kunne gi eit slikt løyve, må det liggje føre ei særskilt tilknytning til staden. Vi vurderer at det er tilfelle. Vi forstår det slik at søknaden er eit eingongstilfelle når det står at det ville gitt han så mykje å få oppleve sætra og livet der for ein siste gong.

Fylkesmannen vurderer at slik transport bør, dersom ein skal gi løyve, skje samstundes med at det er annan helikoptertransport i området. For tida er det ingen søknader om helikoptertransport til Sunndalssætra. Det næraste er at det er gjeve løyve til helikoptertransport i nabodalen Erdalen i nasjonalparken for transport av materialar m.m. men tidspunktet er ikkje bestemt, og ei samkøyring blir lite formålstenleg.

#### Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

Sekretariatet vurderer søknaden opp mot naturmangfaldlova §§ 8-12 slik:

§ 8 kunnskapsgrunnlag: Vi meiner vi har god kunnskap om verknaden av motorferdsel ut frå skjøtselsplan og tidlegare gjevne løyve i området.

§ 9 føre-var-prinsippet: For å unngå vesentleg skade på naturmangfaldet vert det i alle motorferdselsaker lagt vekt på løpande kontakt med Statens naturoppsyn (SNO), som har den beste oversikta over naturtilstanden og sårbare artar til ei kvar tid.

§ 10 økosystemtilnærming og samla belastning: Det er i utgangspunktet viktig for forvaltningsstyresmaktene å ta omsyn til dei strenge reglane for motorferdsel. Vi meiner at den samla belastninga av motorferdsel i denne delen av Jostedalsbreen nasjonalpark pr. i dag er på eit akseptabelt nivå.

§ 11 kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Tiltaket er ikkje venta å forringe miljøet utover den tida sjølve helikoptertransporten skjer.

§ 12 miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Opplegget for bruk av helikoptertransport er naudsynt for å få Sigvard Guddal på stølen. Vi meiner og det er ein fordel at transporten skjer kvardagar (og ikkje søndagar og heilagdaga) av omsyn til andre som er på setra og friluftslivet.

#### **Framlegg til vedtak**

Framlegg til vedtak frå sekretariatet v/Fylkesmannen i Sogn og Fjordsane:

Løyve vert gjeve på vilkår som går fram under for

To landingar med helikopter på Sunndalssætra på to ulike kvardagar for å frakte høvesvis inn og ut Sigvard Guddal

Løyvet vert gjeve på vilkår av at

- Helikoptertransporten skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt
- Løyvet gjeld to kvardagar med inntil ei veker mellomrom, og gjeld i tida 1.07. – 30.07.2011. Løyvet gjeld såleis ikkje søndagar i juli.
- Det kan vere med ein følgjeperson på helikoptertransporten dersom det er naudsynt
- Statens naturoppsyn ved Anne Rudsengen (tlf. 95 96 38 88) skal varslast på førehand om kva for dag helikoptertransporten blir gjort
- Løyve til helikoptertransport skal vere med under transport
- Sekretariatet for Nasjonalparkstyret (for tida Fylkesmannen i Sogn og Fjordane) skal ha skriftleg tilbakemelding om helikoptertransporten ( gjerne på e-post til Fylkesmannen) innan 1.09.2011

#### **VEDTAK**

Nasjonalparkstyret gjev løyve til helikoptertransport om omsøkt. Styret har særleg lagt vekt på at det er viktig å få dokumentert rettar og bruk på setra frå ein person med særleg tilknytning og kunnskap om dette, slik at løyvet må sjåast som ei eingongshending. Styret set følgjande vilkår for løyve, i tillegg til i vilkår som går fram av framlegget til vedtak:

- Nasjonalparkstyret skal ved sekretæren få tilsendt ein rapport med dokumentasjon av rettar og bruk på Sunndalssætra, med m.a. nedteikning av gnr/bnr for bygningar og tufter på stølen.

### **Klage**

Vedtaket kan påklagast i medhald av forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ein eventuell klage skal stilast til Miljøverndepartementet, men sendast til Nasjonalparkstyret for Jostedalsbreen ved sekretariatet.

Sak 25-2011

## **Jostedalsbreen nasjonalpark - Løyve til lavtflyging 8. og 9. juni i samband med tv-program**

**Nasjonalparkstyret for Jostedalsbreen har i møte 09.06.2011, sak 2011/2384, gitt løyve til lavtflyging på vilkår som framgår nedenfor. Det er anledning til å klage på vedtaket.**

Dokument i saka:

E-post av 01.06.2011 med søknad om lavtflyging

Søknaden blir vurdert etter:

Forskrift om Jostedalsbreen nasjonalpark

Naturmangfoldlova

### **Søknaden**

Søknaden gjelder å filme fra lufta ei gruppe på 12 personer som skal gå breen på langs fra Fåbergstølen til Flatbrehytta som en treningstur for en jubileums-skitur (samme rute og samme tidspunkt som Roald Amundsen) til Sydpolen i anledning av at det er 100 år siden Roald Amundsen nådde Sydpolen 14. desember 1911. Både turen til Sydpolen og forberedelsene skal bli til et dokumentar TV-program (på 1 time) som det er meninga skal vises på NRK. Det følger med innleide breførere som skal filme undervegs på turen over Jostedalsbreen, men dere ønsker også å filme fra lufta. Opptakene skal gjøres 8. og 9. juni i år. På tlf. 1.06.2011 opplyste Len Christiansen at for denne delen av filmopptakene vil også Jostedalsbreen og naturen her bli presentert i programmet.

Det er også planlagt andre arrangement i tilknytning til jubileet: Den 14. desember i år vil det bli direktesending fra Sydpolpunktet til Skimuseet i Holmenkollen, og 25. januar 2012 samling av alle nålevende polhelter.

Prosjektet ledes av Christian Eide ( leder ekspedisjonen ), Børge Ousland og Lars Ebbesen.

### **Verneforskrift og verneformål**

Søknaden må vurderes etter verneforskrifta pkt. III, IV, 4.1, og pkt. VI (som er erstatta av naturmangfoldlova § 48), og etter naturmangfoldlova §§ 8-12.

Pkt.IV.4.1. sier at *"Motorferdsle på land og i vatn, også landing med luftfartøy, er forbode. Som landing reknast òg om eit luftfartøy hentar eller set av folk eller gods medan det står stille i lufta. Lågtflyging mindre enn 300 m over bakken er forbode."*

Søknaden om helikoptertransport må behandles etter § 48 i naturmangfoldlova som erstatter pkt. VI i verneforskrifta. I naturmangfoldlova står det at *"forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdien nevneverdig"*. Verneformålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er, i følge pkt. III:

*"å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand".*

*"å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging".*

*"å verne om kulturminne og kulturlandskap".*



## Vurdering

Fylkesmannen vurderer at filmprosjektet som skal skildre ei gruppe folk på skitur på Jostedalsbreen, samtidig som Jostedalsbreen og naturen omkring blir presentert, ligger innenfor verneformålet. Det er lite fugle- og dyreliv på breen, men her kan være rovfugl og sårbare arter som streifer på breen. Helger og særlig i pinsehelga er mye brukt til å gå Jostedalsbreen på langs på ski. Det er derfor viktig å ta hensyn til alle som ferdes her. Dersom lavtflyging med helikopter skjer i en avgrensa tid, for eksempel 1 time hver av de to omsøkte dagene mener vi likevel at helikopterbruken ikke påvirker verneverdien nevneverdig. Vi mener det er viktig å skjerme søndager som erfaringsmessig er dagen med flest turgåere på breen.

§ 8 kunnskapsgrunnlag: Vi meiner vi har god kunnskap om virkningen på naturmangfoldet når det gjelder lavtflyging i området gjennom tidligere erfaringer om dette.

§ 9 føre-var-prinsippet: Vi mener begrenset lavtflyging ikke har særlig virkning på verneformålet. Men flyginga bør avgrense seg til det som er nødvendig av hensyn til andre turgåere på breen.

§ 10 økosystemtilnærming og samla belastning: Stillhet fra motordur er en viktig kvalitet på Jostedalsbreen. Dersom flyginga blir avgrensa i tid og en tar hensyn til andre turgåere mener vi at samla belastning kan aksepteres.

§ 11 kostnadene ved miljøforringing skal bæres av tiltakshaver: Bruk av helikopter er ikke venta å forringe miljøet utover den tida selve helikopterbruken skjer.

§ 12 miljøforsvarlige teknikker og driftsmetode: Bruk av helikopter er eneste mulige måte dersom en skal filme fra lufta.

## Framlegg til vedtak

På bakgrunn av det som er sagt over får LCC Event løyve til lavtflyging (lavere enn 300 meter over bakken) med helikopter 1 time hver av dagene fredag 8. og lørdag 9. juni. Løyvet omfatter ikke å droppe folk eller gods på bakken.

Løyvet blir gitt på vilkår av at

- Lavtflyging med helikopter avgrenser seg til det som er strengt nødvendig
- Under flyginga skal det tas hensyn til dyreliv og folk som er i området slik at en i minst mulig grad forstyrrer

## VEDTAK

Nasjonalparksstyret gir løyve i samsvar med framlegget til vedtak.

## Klage

Avgjørelsen kan klages inn for Direktoratet for naturforvaltning av parter i saka eller andre som har rettslig klageinteresse, med en frist på 3 uker. Eventuell klage skal sendes til Fylkesmannen, som også kan gi nærmere opplysninger om klagerett og rett til å se saksdokument.

*Referat slutt.*

Med helsing

Torodd Urnes  
leiar (sign.)

Tom Dybwad  
sekretær

Adresseliste (på e-post):

Einar Målsnes, ordfører i Balestrand kommune  
Nils Gjerland, ordfører i Førde kommune  
Anders Ryssdal, ordfører i Gloppen kommune  
Gerd Dvergsdal, ordfører i Jølster kommune  
Torodd Urnes, ordfører i Luster kommune  
Eline Orheim, Sogndal kommune  
Nils P. Støyva, ordfører i Stryn kommune  
Gunnvor A. Sunde, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Kopi pr. e-post:

Kari Bolstad, Balestrand kommune  
Sølvi Fretheim Steig, Luster kommune  
Johan Berge, Stryn kommune  
Eva Marie Halvorsen, Førde kommune  
Per Jarle Myklebust, Gloppen kommune  
Atle Reidar Sandnes, Jølster kommune  
Jarle Aarvoll, Sogndal kommune  
Jarle Skartun, Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Statens naturoppsyn Jostedalbreen  
Direktoratet for naturforvaltning